



Dette er fløyen som etter planen skal renoverast.

Dei fire partia som utgjorde fleirtalet under formannskapsmøtet denne veka vil ha utgreidd ein felles skule for Uskedalen, Omvikdalen, Malmanger og tidlegare Mauranger krins. Det var Ap, Frp, KrF og Venstre. Men dei sa ikkje noko om kor ein slik skule eventuelt skal leggjast. Det vert ein del av utgreiinga, seier Ap-leiar Arve Opsanger til HusnesNett.

Ole Torbjørn Holmedal i Frp har tidlegare i veka sagt at elevane her i bygda kan overførast til Omvikdalen der det er god plass til utviding. Rosendal kan og vera eit alternativ. Han peika på at skulen i Uskedalen er i dårleg forfatning.

Dei 4 partia går inn for delfinansiering frå kraftfondet. Det kan bli endringar i innstillingen frå formannskapet fram til den avgjerande behandlingen i kommunestyret 21. februar.